

# KYRKJEBLAD

53. årg.

FOR VAKSDAL PRESTEGJELD

Nr. 2/99

## Les i kyrkjebladet

**Nytt frå kyrkjeverja  
kan de lesa**

side 4 og 5.

**Frå Farne tider finn de**

side 6.

**Påskedag vert det felles  
gudsteneste for Dale og  
Vaksdal i Dale kyrkje  
kl. 11.**

Les side 7.

**Bilete av 5. klassingar som  
fekk «Godt nytt» og  
4-åringar som fekk «Mi  
kyrkjebok» finn de**

side 8 og 9.



## Me feirar Jesu fødsel i år 2000

Nedteljinga er byrja! Ikkje fram mot datakaos ved tusenårsskiftet, kjempefyrverkeri eller kva næringslivet meinar med at «dette er det største marknadsføringshøvet i generasjonen vår». Nei, den felles kyrklege markeringa av år 2000 etter og med Kristus, «Jubileum 2000» fokuserar på den eigentlege grunnen til feiringa. Jesu fødsel for 2000 år sidan gav ein ny start i historia. Me skal gi rom til han og frelsesbodskapen hans mange gonger og på mange måtar heilt fram til og med jula år 2000!

Jubileum 2000s logo er 2000-talet med symbol som uttrykkjer det me ønskjer å formidla: Ljuset/stjerna -førebuing og forventning, barnet på mor sitt fang - Han kom som menneske, globusen - ei global feiring, dua - Han er midt i bland oss framleis. Slik set me Jesus Kristus i sentrum, og den frelsa Han gir, blir uttrykt ved verdiane glede, fellesskap,solidaritet og håp.

(KIT)

Les om den lokale feiringa side 6

## KONTIN- GENT

Inne i bladet finn de giro for kontingen for Kyrkjebladet.

**Kontigenten er kr. 100,-**

Me vonar flest mogleg nyttar giroen og på den måten er med og støttar bladet økonomisk.

Dersom nokon vil gje meir enn det kontingenenten kostar, er me takksame for det.

Red.

## Herren er mi kraft og min styrke



Denne overskrifta henta frå Salme 118 er utgangspunktet for andakten som Dagny Gilje Antonsen (biletet) skriv. Ho er utvandra Dalejente og hadde tidlegare Vassenden til etternamn. Bli med på hennar vandring gjennom salme 118.

Les side 3

**STOFF TIL NESTE NR.**

må vera kome redaktøren i hende innan 21. april 1999.  
Bladet kjem ut i veke 20 som byrjar med 17. mai.

Ragnvald

**Samtale med presten**

Prestane står til disposisjon for samtale.  
Avtal helst på førehand.  
Prestane har teieplikt.

**Kyrkjekontoret for Vaksdal**

Pb 113, Fabrikkvegen 3  
5721 Dalekvam  
**Tlf. 56 59 61 20**  
**Fax 56 59 89 46**

**Kontortid: Tysdag og torsdag kl. 09.00-13.30, onsdag kl. 10.30-13.30**

**Sokneprest Frode Kvamsøe**

Tlf. kontor 56 59 61 20  
Tlf. privat 56 59 73 15

**Kapellan Bård-Egil Dyrhol**

Tlf. kontor og privat 56 59 70 88  
Mobiltlf. 94 55 12 87

**Kyrkjeverje Svein Tøsse,**

Heradshuset 4. etasje  
Tlf. kontor 56 59 44 54  
Mobiltlf. 94 55 12 86

**KYRKJEBLAD FOR VAKSDAL**

Utgjevar: Sokneråda i Vaksdal  
Bladpengar: kr. 100,-  
Annonsepris: kr. 3,- pr. sp. mm.  
Postgiro: 0808 57 23 4 73  
Bankgiro: 3500.50.13 117  
Bladstyrar:  
Ragnvald Kringlebotten,  
5724 Stanghelle. Tlf. 56 59 51 81.  
Kasserar: Elisabeth Dyrhol,  
Vaksdalgarden 10, 5725 Vaksdal.  
Tlf. 56 59 70 88  
Eksp. og trykk:  
Øystese Trykkeri A/S, Boks 34  
5604 Øystese. Tlf. 56 55 50 45.  
Retur til: Kyrkjekontoret for  
Vaksdal, Pb. 113, 5721 Dalekvam.

Leiar:

**Tek me kontakt?****Mange vil til kyrkje.**

Seks av ti spurde i Stavanger bispedøme seier at dei kan tenkja seg å gå til gudsteneste dersom dei fekk innbyding av vene eller naboor. Over halvparten av dei ynskjer nærmare kontakt med den lokale kyrkje-lyden, i følgje Dagen.

Burde ikkje dette vera eit tankeskors også for oss. Eg trur ikkje det er så stor skildnad frå Stavanger til vårt bispedøme.

I fylgje statistikken har talet på kyrkjegjengarar gått tilbake i 1998 i høve til 1997.

Kanskje det sit ein i ditt nabolag som ventar på at nokon tek kontakt og inviterar med til gudsteneste. Eg er klår over at det kan vera eit stort steg å ta kontakt på den måten, men eg trur at både den som inviterar og den inviterte vil verta velsigna.

Ragnvald Kringlebotten

Da jeg trengte en neste,  
var du der, var du der?  
Da jeg trengte en neste,  
var du der?

Omkved:

Hvem du er, hvor du lever,  
det er en ting som teller:  
Var du der?

Da jeg kom som en fremmed,  
var du der, var du der?  
Da jeg kom som en fremmed,  
var du der?

Omkved:

Sydney Carter

**Ny kasserar**

Asle Georg Karlsen slutta som kasserar i kyrkjebladet ved nyttår. Me rettar ei stor takk til han for solid innsats.

Som ny kasserar har me fått Elisabeth Dyrhol, og me vil ynskja ho velkommen i staben og takkar for at ho tok på seg dette vervet.

Red.

**KYRKJESTADEN****DALE 100 ÅR****Jubileumsskrift**

Boka er innbunde, med mykje biletstoff både i svart/kvit og i fargar og er til sals for:

kr. 150,-

hjå Petersen & Ypsøy  
og på Kyrkjekontoret.

Boka kan tingast frå  
Kyrkjekontoret, Boks 113,  
5280 Dalekvam .  
Tlf. 56 59 61 20

**KIRKENES  
SOS  
DØGNOPE  
815 33 300**

# HERREN ER MI KRAFT OG MIN STYRKE

Det brusar av første påskedag! Stor stas, og full av siger. Då er det enkelt å lesa med i Salme 118: «*Herren er mi kraft og min styrke, han har vorte mi bering. Høyr, jubel og sigersrop lyder i telta åt dei rettferdige! Herrens høgre hand gjer storverk, Herrens hand reiser opp. Herrens høgre hand gjer storverk.*»

Denne salmen vart brukt i prosesjonar av konge, prestar og folket. Dei minna kvarandre om Guds siger for folket sitt. Prosesjonen hadde palmegreiner, så det svinga skikkeleg! Mange av salmane i bibelen er gode og «rette» for festdagar og dagar i framgang og glede. Ja, det er lett å brusa med når kjenslene er i medgang.

Men denne salmen er ikkje berre for festdagar, den er meint for kvardagen også. Bli med på ei reise gjennom denne salmen.

Salme 118 har fylgd meg like frå konfirmasjonsdagen. Farfar gav oss barnebarna bibel, og så måtte vi lesa nokre vers medan han høyrde på. Då skjedde det noko med meg; Vissa om at Kristus måtte verta ein del av mi framtid, stod klårt for meg.

Nokre år seinare møtte denne salmen meg att; Denne gongen som bryllaupstale-tekst: «*Det er Herrens eige verk, underfullt er det i våre augo. Dette er dagen som Herren har gjort; lat oss jubla og gleda oss no!*» Vidare:

«*Å, Herre gjev frelse, å, Herre lat det lukkast!*»

Ved denne nye gjennomgangen av salmen, skjøna eg endå tydlegare at Jesus Kristus verkeleg

ville styra livet og framtida mi! I ein periode med alvorleg sjukdom og død hos nære vene, trudde ein nesten det var smittsamt. Kan henda gjekk det sameleis med ein sjølv? Då dukka same salmen opp att, med «nye» vers: «*Eg skal ikkje døy, men leva og fortelja om Herrens gjerningar. Hardt har Herren tukta meg, men han lét meg ikkje døy.*»

Kan det seiast tydlegare?

Eit lite hopp attende til vers 24: «*Dette er dagen som Herren har gjort.*» Det gjeld for kvar dag. Du får ikkje meir enn ein dag om gongen. I dag har du sjansen til å spørja etter Guds vilje med deg. Framfor deg ligg oppgåver som skal løysast. Kallet frå Gud skal fyllast, og du har ei gjerning som skal utførast.

Dei fleste dagar byr mest på småting, men du har ein Far og Herre som vaktar deg og ser til at hans gjerning blir utført, og at du som ein del av arbeidsfolket ikkje taper arbeidslysta!

Korleis kjem påsken inn her? Jau, då Jesus døydde og stod opp att, vart frelsa vår. Vers 25: «*Å, Herre gjev frelse...*»

Salme 118 kan framleis «levast». Ta deg tid til å lesa kvart vers. Smak på orda og kjenn etter: «*Pris Herren, for han er god, evig varer hans miskunn.*» Men kan ein gleda seg i denne salmen sjølv om «motbakkane» i livet er lange og bratte? Ja! Vandringa går lettare om ein syng i takt.

«*Knyt festtoget saman med greiner.... Pris Herren, for han er god. Evig varer hans miskunn.*»

Så finn deg eit ord og lev i det,



så vil du stå sterkare i kvardagen når prøvingane synest koma på rekkje og rad! Bibelen er for dagleivet.

«*I trengsla ropa eg til Herren, han svara meg og førte meg ut i ope lende. Når Herren er med, reddast eg ikkje. Kva kan vel eit menneske gjera meg? Når Herren er min hjelpar, kan eg sjå på mine fiendar utan otte.*

Lukke til med å feira påske - heile året.

Å påskedag, du høgtidstund,  
du gledevell i hjartegrund.  
Vår Krist har siger vunne!  
No ber dei bod kring alle land  
At døden har sin overmann  
I Jesus Kristus funne.

No kan me veg til livet sjå,  
Forlating, liv og frelse få,  
I Jesus Krist, vår Herre!  
Gud vere lova! Livsens drott  
Har gjort all mørkheim  
makt til spott  
Og kalla oss til ære!

NoS 168  
Dagny Gilje Antonsen

P.S.

På PC'n min på kontoret «skin» same orda som står i denne overskrifta!

D.S.

## Nytt frå kyrkjeverja

*Som dagleg leiar i kyrkjeleg fellesråd vil eg i nokre nummer av kyrkjebladet ta for meg emner knytt til kyrkjegardane i kommunen. Den nye kyrkjelova og gravferdslova som er innført gjer at ein ynskjer å opplyse om endringane, og kva konsekvensar det kan ha for den einskilde som har ansvar for ei grav. Vaksdal kyrkjelege fellesråd er ein offentleg etat som har dei same krava til forvaltinga som kommunen har. Har du spørsmål om desse emna kan du ta kontakt med meg på tlf 56 59 44 54 i kontortida frå kl 0730 til kl 1500 mandag til fredag. Om du ynskjer å vitja meg på kontoret i 4. etasje i Heradshuset, er det best å ringje først, av di eg kan vera ute på oppdrag.*

*Svein Tøsse, kyrkjeverje.*

## Kva er festing av grav?

Ved kyrkjegardane i kommunen, og elles i landet, har det vore vanleg å sikra seg ein plass ved sida av ektefelle eller nær slektning når denne har vorte gravlagt. Dette har vore gjort av praktiske grunnar med omsyn til felles gravminne og stell, eller av di ein ynskjer å verte gravlagt ved sida av ektefelle, sysken eller nær slekt. Dette vert kalla festing av grav. Etter den nye gravferdslova er det høve til å festa ei grav ved sida av den som først vert nytta, og endå ei om kyrkjeleg fellesråd

godkjenner det. Gravene vert då kalla ein gravstad. Den som tek på seg ansvaret for grava eller gravstaden, vert kalla festaren. Ved gravlegginga — anten det vert festa grav eller ikkje — registrerar kyrkjeverja namn og adresse til den som skal stå ansvarleg for grava. Festaren har ansvar for sikring av gravminnet, stell av grava, og avgjer om grava kan nyttast om att til ny gravlegging i festetida etter friperioden. Av di fredningstida for ei grav er på 20 år, er det ynskjeleg at den i familien som tek ansvaret for grava ikkje alltid er den eldste, og at vedkomande bur i kommunen. Vedkomande vil verte kontakta når fredningstida på 20 år er omme, eller når det er trong for det.

I fredningstida til ei grav beta-lar ein ikkje noko avgift. Dersom ein ynskjer å ta vare på grava med stell og gravminne etter at 20 år har gått, må ein festa denne grava for dei neste 10 åra. Om ikkje, fell grava attende til kyrkjegardsmyn-digheitene. Grava vert då sletta, det vil seie at gravminnet vert fjerna, bakken tilsådd, og grava kan nyttast til ny gravlegging.

## Festeavgift

Festaren får tilsendt krav om betaling av festeavgift. Storleiken på denne vert vedteken av kom-munen, etter framlegg frå kyrkje-leg fellesråd. For tida er avgifta kr 200,- for 10 år. Når festeavgifta er betalt, har ein rett til å disponera grava for neste 10 års perio-de. Det er ikkje høve til å feste graver meir enn i 70 år frå grav-legginga. For gravstader er tida 70 år etter siste gravlegging, av di

gravene høyrer saman, og stundom har felles gravminne.

## Kyrkjegardsregister

Tidlegare var det lokale kyrkje-verjer i alle sokna, og desse hadde ansvar for å halde orden på kvar den einskilde vart gravlagt, og kven som hadde festa graver. Heradskassen sende ut krav om innbetaling av festeavgift.

Før 01.04.1997 var festetida på 20 år. Dette gjorde at ein del av dei som var festarar sjølv vart gravlagte, og då festetida var ute, var det mest uråd for slekta og dei lokale kyrkjeverjene å finna ut kven som hadde ansvaret for grava.

No er det dagleg leiar for kyrkjeleg fellesråd, kyrkjeverja, som har ansvaret for å halde registeret oppdatert, og krevje avgift. Alt vert lagt inn på eit kyrkjegardsre-gister, som vert oppdatert etter kvart.

## Innkrevning av festeavgift

Dei som har festa grav dei siste åra vil snart få tilsendt krav om innbetaling av festeavgift.

For eldre graver der festetida har gått ut, vil ein oppdatere re-gisteret etter kvart, og sende ut krav for tida fram til ein heil tiårs-bolk.

## Bruk av gamle graver


På nokre av kyrkjegardane er det trøng for nye areal til gravleg-ging. Men før ein tek steget og ut-vidar ein kyrkjegard, ser ein om

det er mogleg å sletta gamle graver. Ein del av gravene er eldre enn 70 år. Mange yngre graver vert ikkje stelte, og nokon har gjeve melding om at grava kan slettast. Til saman kan desse gje nok ledig plass til nye graver.

Når nokon dør, er det mogleg å nytta grava til foreldre, besteforeldre eller andre i slekta, der som den er eldre enn 20 år. Dette gjer at ein kan ta vare på gravstaden i mange generasjonar, og plassen kan nyttast godt.

## Sletting av graver

Det vil ikkje verte sletta graver utan at den som har ansvaret for grava får melding. Det vil i mange høve vera vanskeleg å finna ut av dette, og det vert difor sett inn lysing i avisene med varsel om sletting av graver på vedkommande kyrkjegard.



## Godkjenning av gravminner

Forskriftene til gravferdslova, §25 :

*"Kirkelig fellesråd skal godkjenne gravminne og fundament før det settes opp på kirkegården. Gravminne skal monteres på anvist plass"*

Godkjenninga av gravminner er i Vaksdal kommune kyrkjeverja sitt ansvar. Dersom det vert sett opp gravminne som ikkje held krava i forskriftene, kan dei fjernast frå kyrkjegarden. Difor må du som skal kjøpa gravminne

kontrollera om din leverandør er godkjent.

Eg har teke kontakt med 19 av leverandørane som vert nytta i kommunen for at dei skal senda gravminnekatalogar til godkjenning. Katalogane og leverandørane vert godkjente dersom det ikkje vert seld gravminner som bryt med krava i forskriftene.

Til no er desse katalogane godkjente:

**Kjøl stenindustri, 6490 Eide  
Åsane Stein, Nordre Steinstø  
16, 5108 Hordvik**

**Sæthre Stenindustri AS,  
Fjøsangerveien 57, 5037  
Solheimsviken**

Ver merksam på at mange lokale kontaktpersonar i kommunen nyttar desse steinleverandørane. Ynskjer du å kjøpa gravminne frå andre må du syta for å få gravminnet godkjent før oppsetting. Naturstein/ elvestein må monterast på sokkel slik at den kan flyttast ved arbeid på kyrkjegarden når det er trong for det. Det er ikkje høve til å støype fast steinar til sokkelen eller lage "betongkake" som fundament.

Hugs òg at det ikkje er høve til å setje opp gravminne før **8 mnd** etter gravlegginga.

## FRA FARNE TIDER

I dette nummeret tek med med eit glimt frå påskenummeret i 1979.

### Folkehøgskule

Åse Kristin Rønhovde Andersen, opprinneleg frå Stanghelle gjekk vinteren 1978-79 på Fredheim folkehøgskule, Rognan, som er ein kristen folkehøgskule. På biletet til høgre ser me ho til venstre saman med nokre venninner i snøhaugen utanfor skulen.

Skulen som ligg på Rognan i Saltdal var reist i 1970 med plass til 108 elevar.

Kvart år var det 90 til 100 elevar frå Nordland og 10-12 frå resten av landet.



## JUBILEUM 2000

Den lokale kyrkjelege nemda for markering av tusenårskiftet og totusenårsfeiringa for Jesus sin fødsel er i gang med arbeidet. Nasjonalt er det Norges Kristne Råd, eit samarbeid mellom kyrkjessamfunna i Norge, som har teke initiativ til denne feiringa. Jubileum 2000 heiter prosjektet, hjå oss har det fått namnet **Jubileum 2000 i Vaksdal**.

Arbeidet til nemda vert samkjørt med den kommunale nemda sitt arbeid, slik at ein unngår t.d. å leggje arrangement samstundes.

Nyttårsaftan vert det gudsteste i dei fleste kyrkjene i pres-


## Slett U-landsgjelda i år 2000!

tegjeldet Etterpå vert kyrkjene opne for dei som vil tenne lys og/eller be når ein går inn i det nye årtusen. 1. og 2. januar vert det og gudstenester i kyrkjene ein av dagane. Andre samkomer og tiltak i totusenårsfeiringa vert det og, noko ein vil kome attende til i seinare nr, av kyrkjebladet og i lokalpressa.

## SLETT U- LANDSGJELDA I ÅR 2000!

Målet for denne kampanjen er å få ei vesentleg sletting av den gjelta som dei fattige land bærer med seg. Det går no føre seg ei

internasjonal underskriftkampanje, i vår kommune skjer dette i ein månad frå midten av april. Då vert det lagt ut lister fleire stader, og målet er å få minast 2000 underskrifter (!) i Vaksdal. Listene vert samla inn og overlevert deltagarane i det økonomiske toppmøtet i Køln i juni, der G8-landa er samla. Det er rørsle i gjelds-slettesaka no. Det er tydeleg at det nyttar å påvirke dei rike landa, slik at dei kan slette gjelta til dei fattige.



## Glimt frå årsmeldingar

### Dale

Dale sokneråd var med og deltok under bispevisitasen.

Samen med Dale og Stanghelle Indremisjon og Vaksdal sokneråd vart det skipa til Alpha-kurs på Dale bedehus.

Dale sokneråd hadde stand under Daledagane.

På Stanghelle bedehus vart det skipa til 4-års samlingar i samband med utdelinga av «Mi kyrkjebok».

Altarduken i Dale kyrkje er til reperasjon for å verta forlenga og det vert også arbeidd med å reparera antepeniet.

Elles har det vore ymse orgelkonsertar.

### Bergsdalen

Som alle dei andre kyrkjene er det også i Bergsdalen kyrkje registrert alt inventar, slik at det vert lettare ved ein eventuell brann å vita kva ein hadde.

Bergsdalen hadde også vitjing av biskop Hagesæther.

Bergsdalen kyrkje har fått telefon og høgtalaranlegg. Høgtalaranlegget er til stor hjelp for mange.

I fjar var det 125-års jubileum for Bergsdalssstemna, som i si tid starta på Røldland.

Bergsdalen kyrkje har motteke ei anonym gáve på 100.000 kroner. Givaren har sagt at gáva skal gå til inventar eller anna i kyrkja, og ikkje til drifta.

### Eksingedalen

Bispevisitasen vart markert med gudsteneste 6. mars saman med Nesheim og samling på Eksingedalen skule på Bergo.

Dalastemna vart teke oppatt i samarbeid med Modalen sokneråd.

«Trio Toneleik» hadde konsert og elles var det salmekveld med vekt på «Salmar 97», det var også adventkonsert.

Eksingedalen sokneråd arbeidar framleis med å få bygd eit reiskapshus og eventuell utviding av kyrkjegarden.

### Nesheim

Som sagt var dei med Eksingedalen og skipa til gudsteneste ved visitasen.

Det har også vore ein del vanleg møteverksemd i Nesheim kyrkje.

Saman med organisten Asbjørn Nese skipa soknerådet til salmekveld på Eksingedalen skule på Bergo.

Elles var dei saman med andre sokneråd og tilsette på inspirasjonsdag på Dale 5. september.

Kyrkja og redskapshuset vart måla i fjar og det vart løyvd 32.000 kroner til ombygginga av sakrestiet innvendig.

Klokkar i Nesheim kyrkje gjennom mange år, Johan J. Gullbrå døydde i september 1998. Det er ikkje tilsett noko ny der enno.

## 1. Påskedag: Festgudsteneste i Dale kyrkje

Så er turen endeleg kome til Dale kyrkje. I år er det Dale sin tur til å ha høgtidsgudstenesta på 1. påskedag. Ho er også i år felles for Dale og Vaksdal kyrkjedar.

I fjar var første gongen vi arrangerte felles høgtidsgudstene- ste på påskedagen. Då kom det heile 130 kyrkjegjengjarar i Vaksdal kyrkje. Vi opplevde at det var ei feststund, der vi sammen fekk feira Jesu oppstode frå dei døde.

Når ein samlar ressursane i ei festgudsteneste med både kyrkje- lydane, med forsongarkor, både prestane og kantorane har vi moglegheit til å få ei rikare gud- stenesteoppleving.

1. påskedag er den største og viktigaste høgtidsdagen i kyrkje- året. Då kan vi få vere med å lyfte jubelen og lovsongen til den oppstandne Jesus Kristus.

Alle som ynskjer det, er sjølv- sagt velkomne til å delta i guds- tenesta. Ikkje berre dei fra Dale og Vaksdal .

### Hebr. 10, 25:


*«Lat oss ikkje halda oss bor- te når kyrkjelyden vår sam- last, ...*

*men lat oss setja mot i kvar- andre, og det så mykje meir som de ser at dagen nærmar seg»*



31. januar var det utdeling av «Godt nytt» til 5. klassingane ved Dale og Stanghelle skular ved gudstenesta i Dale kyrkje. Her ser me dei etter utdelinga, saman med Bård-Egil Dyrhol.

Foto: Eli Kringlebotten



24. januar fekk elevar ved Vaksdal skule «Godt nytt» ved gudstenesta i Vaksdal kyrkje. Her ser me dei etter utdelinga.


Foto: Bjørn Knutsen



29. november i 1998 fekk 4-åringar «Mi kyrkjebok ved gudstenesta i Eksingedalen kyrkje.  
fv. Knut Trefall med mor Mari Odland, Hege Marie Lavik, Olav Bergo, Anna Flatekval, Frode Kvamsøe og  
Einar Trefall med mor Elisabeth Holt.

Foto: Anne Margrete Eikefet

## PÅSKE-KRYSS



### Vannrett

1. Ein blome som har namn etter påska.
2. Kva tid på året feirar vi påske?
3. Hagen Jesus og læresveinane var i før Jesus vart tatt til fange.
4. Dagen Jesus vaska føtene til disiplane og innstifta nattverden.
5. Tida før påske heiter ...

Alt i kjøkkeninnredning  
Bad- og skyvedørsgarderobe  
Snekkerverksted

**SNEKKER  
KJELL NYSTED**

56 59 74 72

Mobil: 948 45 074



**PETERSEN & YPSØY AS**

Bokhandel - Gåver - Kiosk - Tipping  
Tlf. 56 59 61 58

Kontormateriell -Leiker - Hobby - Foto  
i 2. høgda Dale Handelsforening  
tlf. 56 59 79 80



Boks 12, 5721 DALEKVAM  
Tlf. 56 59 40 40

Din lokale leverandør av snitter, koldtbord,  
middag og pizza til alle anledninger.  
Husk å bestille koldtbord til konfirmasjonen.

#### Nå får du skadeforsikring i banken

Vi er ikke lenger bare banken din, vi er blitt forsikringsselskapet ditt også. Det du finansierer hos oss skal du også få forsikret hos oss. Fra nå av kan du snakke med kunderådgiveren i banken uansett om det gjelder bank eller forsikring.

Handler du raskt og forsikrer bilen din hos oss får du ikke bonustap ved første skade.

Enklere, bedre og mer praktisk skadeforsikring



Toppforsikrer du boligen din får du dessuten en tryggelsgaranti som gjør at alt du kjøper i løpet av det første året automatisk inkluderes i forsikringen.

Snakk med en kunderådgiver i SpareBank 1 enten det gjelder forsikring av bil, båt, bolig, reise eller andre ting.

**CAMILLA'S KRO**

- \* SNITTAR 14.50
- \* KOLDTBORD
- \* FEST-LOKALE
- \* BEGRAVELSAR
- \* HEIMELAGA MAT



**DALE FINA SENTER**

- \* BENZIN
- \* DAGLEGVARER
- \* NISTEPAKKER
- \* STØRST PÅ MUSIKK

tlf. 56596736

## Trelast og byggevarer



Tlf. 56 59 66 90 Faks 56 59 68 70  
Dalegarden, 5722 Dalekvam



**DALE HANDELSFORENING**  
avd. Dale 56 59 61 01  
Avd. Stammes 56 59 82 03  
Avd. Stanghelle 56 59 50 35

**K. Seim A/S,**

Boks 114,  
5721 Dalekvam  
tlf. 56 59 62 23  
Faks. 56 59 67 61



Dei smarte sparar tid & peng.  
Her kan du handle det du treng.



**SAMVIREKELAGET  
INDRE VESTLAND**

Avd. Vaksdal Senter tlf. 56 59 75 01  
Bygg Mix, Vaksdal Senter Tlf. 56 59 71 10  
Avd. Eksingedalen Tlf. 56 59 58 20

## Har du gløymt noko til påske?

Me har:

- \* Solkrem \* Skismørning
- \* Solbriller \* Påskesnacks
- Hugs ved til hytta!



Postboks A, 5721 Dalekvam  
Tlf. 56 59 66 35

# Ny bibel til 173.400 nordmenn

173.400 menneske fekk eller kjøpte sjølv ein bibel eller nytestamente i 1998.

Det er omtrent det same som året før då talet var 174.800. Det inneber at kvar 30. nordmann fekk seg ny bibel eller nytestamente i fjar.

Med eit samla tal for sal og utdeling på 173.000, er Bibelens gamle samling av heilage bøker nok eit år den suverene vinnar når det gjeld omsetnad av norske bøker. Korkje Gro Harlem Brundtland eller andre når opp.  
(KPK)

## Saman om fødselsfest

Seks organisasjonar går gått saman om å arrangera ein storfest i Sørlandshallen i Kristiansand 5. - 7. juli neste år. Dei seks er Indremisjonsskapet, Santalmisjonen, Misjons-selskapet, Det Vestlandske Indre misjonsforbund, Norges Kristelege Student- og skoleungdomslag og Israelsmisjonen.

- Det som skal feirast, er Jesu fødselsdag, seier Øyvind Oterholt, som fortel at det vil bli tilbod for alle aldersgrupper. Arrangørane ventar 6 - 8.000 menneske til samlinga.

(KPK)

## Kristelege blad i lydformat

Fleire og fleire av dei kristelege blada vert nå lese inn på lydkassett. Det Kristent Arbeid Blant Blinde (KABB) som står for innlesinga.

Frå nyttår av vart For Fattig og Rik med på ordninga, medan Budbæreren, Misjonsblad for Israel, Norsk Misjonstidende, Ropet fra Øst, Santalen, Vern om livet og Utsyn har vore med på ordninga kortare eller lengre tid. Frelsesarmeens Krigsropet var truleg først ute med innlesing, ei oppgåve armeen sjølv utfører.  
(KPK)

## Pinseleir Fagertun

**Fred. 21. -  
månd. 24. mai.**

**Alder: 18 år og oppover.**

**For informasjon og  
påmelding:**

**Norges Samemisjon,  
Sparebankgt. 4 A,  
5017 Bergen.  
Tlf. 55 31 65 06**


## SLEKTTERS GANG

### DØYPTE



### DALE

- 31.01 Julie Balestrand Ulveseth
- 14.02 Silje Gregersen
- 14.02 Inge Fotland
- 14.02 Andrea Dahle Skjerveggen
- 14.02 Ragnar Lukas Owe



### AVLIDNE



### DALE

- 26.01 Anna Jenny Thunestvedt,  
f.1913

### VAKSDAL

- 12.02 Kamilla Carlsen, f. 1909

### STAMNES

- 16.02 Selma Bindingsbø Kalvik,  
f.1917


### EIDSLAND

- 24.01 Dorthea Møster, f.1914

- 26.02 Bjørn Wiik, f.1937

### NESHEIM

- 19.02 Jon Ingvar Gullbrå, f.1965



## VELKOMEN TIL KYRKJE



### 28.03 - Palmesøndag

**DALE kl.11.** Dyrhol. Offer til Den Norske Sjømannsmisjon.

### **NESHEIM kl.11.**

Familiegudsteneste. Kvamsøe. Offer til Kirkens Nødhjelp.

**BERGSDALEN kl. 12.30** Sports-an-dakt. Dyrhol.

### 01.04 - Skirtorsdag

**EIDLSPLAND kl.17.** Dyrhol. Nattverd.

**VAKSDAL kl.17.30** Orgelresitasjon v/Tone S.Ø. Steinkopf.

**VAKSDAL kl.18.** Kvamsøe. Nattverd

**EKSINGEDELEN kl.20** Dyrhol.

Nattverd. Offer til leirstaden Fagertun.

### 02.04 - Langfredag

### **STAMNES kl.11.**

Pasjonsgudsteneste. Dyrhol.

### 04.04 - 1. Påskedag

**DALE kl.11.** Felles høgtidsgudteneste for Dale og Vaksdal. Dyrhol og Kvamsøe. Nattverd. Offer til Den Norske Israelsmisjon.

**NESHEIM kl.11.** Lekmannsguds-te-neste. Offer til KFUK/KFUM Bjørgvin krets.

### **BERGSDALEN kl.20.**

Høgtidsgudsteneste. Kvamsøe.

Nattverd. Offer til Kirkens Nødhjelp.

### 05.04 - 2. Påskedag

### **STAMNES kl.11.**

Høgtidsgudsteneste.

Kvamsøe.

Nattverd. Offer til IKO. Song av Vaksdal Familiekor.

### 11.04 - 1. søndag etter påske

**VAKSDAL kl.11.** Kvamsøe. Nattverd. Offer til Norsk Lutherisk Misjons-sam-band.

**EKSINGEDELEN kl.11.** Dyrhol. Nattverd. Offer til Redd Barna.

### 18.04 - 2.søndag etter påske

**DALE kl.11.** Samtalegudsteneste for konfirmantane på Dale, Vaksdal, Stamnes og Eidsland. Dyrhol og Kvamsøe.

### 25.04 - 3.søndag etter påske

**EIDLSPLAND kl.11.** Konfirmasjons-gudsteneste. Kvamsøe. Offer til KFUK/KFUM Bjørgvin krets.

### 1.mai - Offentleg høgtidsdag

**VAKSDAL kl.9.30** Dyrhol. Offer til Kristne Arbeideres Forbund.

**DALE kl.11.** Dyrhol. Offer til Bjørgvin Bispedømeråds Familieråd-givingskon-tor.

### 02.05 - 4.søndag etter påske

**DALE kl.11.** Konfirmasjons-gudstene-ste. Kvamsøe. Offer til Soknerådet.

**VAKSDAL kl.11.** Konfirmasjons-gud-steneste. Dyrhol. Offer til Kyrkjelydsarbeidet.

### 09.05 - 5.søndag etter påske

**STAMNES kl.11.** Konfirmasjons-gud-steneste. Dyrhol. Offer til Nattkafé Stamnes - lokalt ungdomsarbeid.

### 13.05 - Helgetorsdag

**STAMNES kl.11.** Vassbakkenstemna. Dyrhol og Kvamsøe. Offer til Kyrkje-lydsarbeidet.

### 16.05 - 6.søndag etter påske

**DALE kl.11.** Kvamsøe. Offer til Bibelskulen på Bildøy.

## Orgelresitasjon i Vaksdal kyrkje

Skjærtorsdag vert det orgelresita-sjon i Vaksdal kyrkje frå kl.17.30 ved kantor Tone Synnøve Øygard Steinkopf i forkant av gudstenesta.

Resitasjon tyder opplesing eller framseiling. Ein orgelresitasjon i den stille veke skal vere med å framsei noko om den tida ein er inne i. Det er tid for både dramatikk og ettertanke.

Noko av det ein får høre denne et-termiddagen, er J.S.Bach sin store Passacaglia. Samt ein av dei vakraste koralsbearbeidingane hans frå orgel-büchlein «O Mensch, bewein dein Sünde gross».

## JESUS LEVER

Jesus lever, gravi brast!  
Tørstyi står som fjellet fast,  
Han stod opp med guddomsvelde.  
Kristi strid og blod skal gjelde.  
Lynet blinkar, jordi bever,  
gravi brast, og Jesus lever.

Eg har vunne, Jesus vann!  
Mørkheims makt for honim rømde;  
Krist or gravi utgang fann  
og for evig døden dømde.  
Open har eg himlen funne,  
Jesus vann, og eg har vunne!

J. N. Brun o. B. Støylen

### VIKTIG MELDING!

Det er viktig at de ser etter i lokal-avi-sene og på plakatar for å kontrollera m.a. klokkeslett for gudstenestene.